



Region Midt – NordVest

Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal

Til påmelde lag

9. mars 2007 (NB: revidert)

Volley 2000 (U12 og U14) i Voldahallen, søndag 11.3.2007

Arrangør: KFUM-Volda

Kampoppsettet blir lagt ut i Cupassist på denne [adressa](#) så snart det er klart.
Ved problem med direktelink, kopiér adressa inn i adressefeltet.

U12

Gutar og jenter i same klasse. U12 spelar volley2000 med eigne regler, vedlagt under.
Kvart lag får spele fire kampar. Alle kampane er tosetts kampar. Dvs at ein kan få resultatet 1-1 i sett.
Det er berekna 20 minutt pr. kamp. For å få avvikla alle kampane etter oppsett plan, blir det spelt berre om 13 poeng i kvart sett. Dvs at ein startar setta på 12-12 og spelar først til 25. Kvart sett må vinnast med minst to poeng.

Det vil ikkje bli arrangert plasseringsspel eller finalar i U12-klasse, jf. vedlagde reglar.
Arrangørane vil stille med dommarar til dei fleste kampane, men laga må også rekne med å måtte dømme nokre kampar.

U14 jenter:

Ni lag delt inn i tre puljer. Etter gruppespelet blir det arrangert nytt gruppespel i tre puljer mellom einarane, toarane og trearane. Desse kampane gir plassering 1-3, 4-6 og 7-9.
I innleiande kampar blir det spelt korte tosetts kampar på 20 minutt der setta startar på 12-12. I andre gruppespel er det sett av 30 minutt pr kamp, og her kan ein avtale settstart på t.d. 5-5 eller 8-8.

U14 gutar

Sju lag, to puljer. Etter gruppespel er det (to) kvartfinalar, semifinalar, kamp om 5. plass, bronsefinale og finale.

I U14-klasse for gutar blir det spelt korte tosetts kampar (20 minutt med start på 12-12) til og med semifinalane. Bronsefinale og finale blir spelte som tresetts kampar til 25/25/15

Kontakperson

Margrete Apelseth Skaare
Tlf 70 07 62 16, mobil 95 20 83 51,
E-brev: margrete@skaare.net
Nettside: KFUM-Volda: www.skaare.net/kfum

Deltakeravgift kr 300,- pr lag skal betalast til
KFUM-Volda jenter 1993, kontonummer 3991.04.97107.

Betalingsfrist: torsdag 8. mars.

Det vil vere kiosk i hallen heile dagen med sal av vaflar, baguettar, skuffekake, brus, kaffi m.m.

Mvh
KFUM Volda
Margrete Apelseth Skaare

NVBF Region Midt, NordVest
Vigdis Rake Helgesen

Norges Volleyballforbund – Region Midt,NordVest – 0840 OSLO

TLF. 95 91 14 51 Fax: 22 02 62 00

E-post: nvbf.nordvest@volleyball.no

REGLEMENT FOR U12 – VOLLEY2000

Det er første året vi arrangerer U12 turneringar i regi av Region Midt – NordVest.

Frå NVBF er følgjande allereie bestemt for U12 turneringar.

- **ein skal ikkje ha sluttrangering etter ei U12 turnering. Det skal ikkje lagast og publiserast lister som viser sluttrangering, kven som vert nr 1, 2, 3 etc.**
- **alle deltakarar skal ha lik premiering**

I tillegg vil vi ha følgjande prøveordning i NordVest for dei første U12 turneringane

Volley2000 for U12 skal vere enklare å spele enn vanleg Volley2000 for U14. Målet er at flest mogleg av spelarane skal synes at dette er kjekt og at dei får ei kjensle av å meistre spelet. Vi vil ha ei prøveordning med inntil 2 sprett for å sjå om det fører til lenger ballvekslingar. Av di dei minste spelarane ikkje er meir enn rundt 25 kg tunge går vi og inn for å spele med lettare ball for dei yngste spelarane under denne utprøvinga av reglement for U12.

Som ei prøveordning for dei første turneringane med Volley2000 for U12 har vi følgjande eigne reglar for U12. Utanom desse gjeld vanlege reglar for Volley2000.

- **inntil 2 sprett – men ikkje 2 på rad utan at nokon har vore bort i ballen – ballen kan og sprette før servemottak**
- **lettare ball enn vanlege volleyballar – bruk t.d. Mikasa School (230 gram i staden for 280 gram)**
- **viss ein spelar har serva 3 servar på rad, og laget framleis har serven, skal laget rotere og ein ny spelar skal serve**

Med sportsleg helsing
Region Midt – NordVest

John Willy Klungre